



Gloppen kommune
Grandavegen 9
6823 SANDANE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Gloppen kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024, innmelding i Robek

Gloppen kommunestyre har i møtet 17.12.2020, sak 97/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024. Statsforvaltaren kontrollerer at budsjett og økonomiplan er i balanse for alle kommunar, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering

På grunn av at meirforbruket frå 2019 ikkje er fullt ut nedbetalt innanfor den fristen kommunane har på to år, blir kommunen innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning) .

Gloppen kommune er innmeldt i Robek etter kommunelova § 28-1, bokstav C, med verknad frå 13. april 2021. Gloppen kommunestyre må vedta ein ny plan for nedbetaling av rest meirforbruk innan 30. juni 2021.

Låneopptak blir godkjent med ei ramme på 25 mill. kroner, der 14 mill. kroner utgjer lån til VA-investeringar. I tillegg blir låneopptak frå Husbanken til vidare utlån godkjent med 5 mill. kroner.

Driftsbudsjettet 2021

Det er budsjettert med eit netto driftsresultat på 1,3 mill. kroner, som utgjer om lag 0,23 prosent av driftsinntektene. Det er lagt opp til at 3,7 mill. kroner av tidlegare års meirforbruk skal dekkast inn i 2021, og at dette skal finansierast ved bruk av driftsresultatet på 1,3 mill. kroner og 2,4 mill. kroner ved bruk av bunde fond. Statsforvaltaren føreset at kommunen har vurdert at dei bundne fonda kan nyttast, og at dette er midlar som kommunestyret sjølv har sett av til fond tidlegare. Ein kan elles



ikkje bruke bundne fond som andre har definert bruken av, eksempelvis gáver til spesielle føremål eller andre øyremerkte midlar.

Kommunen har i budsjettering av inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) lagt til grunn prognosar etter statsbudsjettet for 2021 i KS sin prognosemodell. Sum skatt og ramme er budsjettert med 405,2 mill., medan prognosene i statsbudsjettet var 404,8 mill. kroner.

Folketalsutviklinga i kommunen samanlikna med gjennomsnittleg vekst for landet, har ein klar samanheng med utviklinga av kommunens frie inntekter. Siste prognosemodell til KS tek utgangspunkt i vedteke statsbudsjett for 2021 og folketal per 01.01.2021 for frie inntekter. Ut frå dette er prognosene at Gloppen kommune i 2021 får 404,7 mill. kroner i frie inntekter, som er 0,5 mill. kroner lågare enn det som er budsjettert.

Eigedomsskattesatsen er auka frå 3,3 til 4 promille på bustader og fritidshus. Samla eigedomsskatteinntekter aukar derfor med om lag 2 mill. kroner samanlikna med 2020.

Inntekter frå kraftproduksjon er lagde inn med 6,2 mill. kroner, og er ein nedgang frå 2020. Kommunen mottek utbytte frå SFE og Gloppen energi på samla 5 mill. kroner.

Tilskot til flyktninger har gått ned siste åra av di det er færre flyktninger som skal busetjast i Norge. Det er budsjettert med inntekter på om lag 12 mill. kroner i 2021, ein nedgang på 4 mill. kroner samanlikna med 2020.

Dei mest vesentlege endringane i overføringane til tenesteområda finn vi innanfor oppvekstutvalet og helse- og omsorgsutvalet. Oppvekst får ein reduksjon i rammene på om lag 9 mill. kroner i 2021, og i helse- og omsorg er nedgangen om lag 4 mill. kroner.

Investeringsbudsjettet 2021

Sum investering i anleggsmiddel utgjer 27,6 mill. kroner, og av dette utgjer 14 mill. kroner lån til sjølvkostområdet som vatn og avlaup (VA). Lån i Husbanken til vidareutlån er vedteke med 5 mill. kroner. Investeringane skal finansierast med låneopptak på 24,7 mill. kroner. I forskrift for budsjett og økonomiplan skal det sendast inn eit eige skjema etter § 5-7 som viser oversikt på gjeld og langsiktige leigeavtalar for planperioden. Dette ligg ikkje ved som eit eige skjema, men vi nyttar oversikta i dokumentet for renter og avdrag til dette.

Etter førebelse tal viser langsiktig gjeld per 31.12.20 i prosent av driftsinntekter, 131,4 prosent for kommunen. Snittet for landet eks. Oslo, var på 124,4 prosent. Gloppen ligg derfor over landssnittet på langsiktig gjeld. Netto renteeksponert gjeld utgjer 87,4 prosent.

Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Økonomiplanen viser positive netto driftsresultat i alle år, og samla utgjer dette om lag 15 mill. kroner. I prosent av driftsinntekter utgjer resultatet 1,03 prosent i -22, 0,88 prosent i -23 og 0,75 prosent i -24. Ut frå dette ligg kommunen under det tilrådde nivået til netto driftsresultat på 1,75 prosent frå TBU (Teknisk berekningsutval) i heile perioden.



Økonomiplanen viser at disposisjonsfondet vil byggje seg opp i løpet av planperioden. Tilrådd nivå på disposisjonsfond er fem prosent av driftsinntektene, som tilsvrar i underkant av 30 mill. kroner for Gloppen. Kommunen bør byggje opp disposisjonsfondet for å ha ein økonomisk reserve, og på sikt kunne finansiere delar av investeringane sjølv.

Rammetilskot og skatteinntekter er budsjettert om lag på same nivå i perioden, og det er lite endringar på andre inntekter i planperioden. Innsparingar i rammeområde oppvekst fortset i 2022 med ein ytterlegare nedgang i ramma med om lag seks mill. kroner. For helse- og omsorg er det innsparing på om lag ein mill. kroner kvart år resten av perioden.

Det er lagt opp til moderate investeringar og låneopptak i heile perioden. Utvikling av lånegjeld samanlikna med driftsinntekter har hatt ein vesentleg auke dei siste åra, frå 104 prosent i 2016 til 131 prosent i 2020. Trekkjer ein ut lån til sjølvkost utgjer dette om lag 100 prosent. Det er fornuftig å redusere investeringane i perioden, også sett i samanheng med netto renteeksponering, og eventuelle endringar i rentenivået framover.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- *Gloppen kommune skal på sikt opparbeide eit disposisjonsfond på 5 % av driftsinntektene
Bruken av disposisjonsfondet skal ikkje overstige 50 % i løpet av ein fireårsperiode.*
- *Netto driftsresultat på gjennomsnittleg 2 % i økonomiplanperioden for å opparbeide disposisjonsfond.*
- *Gjelda bør ikkje vere større enn 65 % av driftsinntektene (utanom sjølvkostområda)*

Statsforvaltaren sin kommentar

Drifta til kommunen har dei siste åra gått i ubalanse og med negative netto driftsresultat. Kommunen har no gjort eit grundig arbeid med gjennomgang av driftsnivået i dei ulike tenestene, gjennomført innsparingar og planlagt framtidige reduksjonar i drifta.

Folketalet totalt har hatt ei positiv utvikling dei siste ti åra med ein auke på 149 innbyggjarar. Demografien fortel at det vert fleire i årsklassane over 67 år og at det er ein nedgang i klassen 20-44 år og i dei yngre årsklassane.

Måltala som er sett er fornuftige og gode styringsmål. Det kan likevel vere greitt å tidfeste dette nærmare og setje seg delmål.

Gloppen kommunestyre vedtok i desember eit budsjett og ein økonomiplan i balanse, der tidlegare meirforbruk frå 2019 og 2020 var dekt inn i løpet av planperioden. Etter korrigering av rekneskapen for 2020 har vi fått opplyst at heile meirforbruket frå 2020, og delar av meirforbruket frå 2019 er dekt inn. Saman med det planlagde driftsnivået i perioden, blir dette viktig for at kommunen kan byggje seg opp ein fri eigenkapital etter målsetjingane og sikre seg eit handlingsrom med ein økonomisk buffer mot uføresette hendingar.



Moderate låneopptak og arbeid med finansielle måltal og handlingsreglar blir eit viktig grunnlag for styring mot ein berekraftig og føreseieleg økonomi framover, for innbyggjarane i Gloppen kommune.

Vedtak

Statsforvaltaren skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Gloppen kommune etter kommunelova § 28-3. Vi har føreteke kontrollen, og Gloppen kommune sitt budsjett- og økonomiplanvedtak for 2021 – 2024 er godkjent med følgjande lånerammer til:

- **VA-investeringar med 14 mill. kroner.**
- **Investeringar i andre anleggsmidlar for 11 mill. kroner.**
- **Lån frå Husbanken til vidare utlån med 5 mill. kroner.**

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent